

Pressemelding

Vedtak om totalforbod av åpen ild i Hallingdal vert oppheva onsdag 8. august 2018.

Den 4. juli 2018 vedtok Hallingdal brann- og redningsteneste iks og Hol brann- og feiervesen forbod mot all bruk av åpen ild i Hallingdal på grunn av den spesielt store brannfaren som den ekstreme tørken medførte. Det vart også i mai vedteke eit forbod mot all bruk av åpen ild. Dette vart oppheva i starten av juni pga ein del nedbør, men måtte altså innførast att 4. juli. Forbodet har frå då vore gjeldande fram til onsdag denne veka. Den siste tida har det kome noko nedbør, og det er meldt meir nedbør denne veka. Det er årsaken til at vedtaket no vert oppheva.

Frå 15. april til 15. september er det eit forskriftsfesta forbod mot bruk av åpen ild i, og i nærleiken av skog og anna utmark. Det må presiserast at dette forbodet ikkje er oppheva, og at det framleis er forbod mot bruk av åpen ild i, og i nærleiken av skog og utmark fram til 15. september, slik det er kvart år. Forbodet som brannvesenet vedtok 4. juli gjaldt innmark, som også omfattar hagar og gardsplassar. Det er dette forbodet som no vert oppheva.

På grunn av den langvarige tørken i sommar er mykje vegetasjon tørkeskada og vissent, sjølv om det kjem nedbør vil slik vegetasjon tørke veldig fort igjen etter nokre soldagar. Det er difor grunn til å vise spesiell aksemd utover ettersommaren og hausten sjølv om forbodet på innmark vert oppheva.

Brannvesenet har i perioden 1. mai til 1. august hatt totalt 60 oppdrag på hendingar i terreng. Berre to av oppdraga har vore på skogbrannar, og fire oppdrag på brann i gras og kratt. 31 oppdrag har vore på brannhindrande tiltak. Dette er tilløp til brann, og tilfeller der folk har tent bål eller anna form for åpen ild som brannvesenet har sløkt, eller dei har sløkt det sjølv når me har bedt om det. 24 av oppdraga har vore på kontroll av meldingar om lynnedslag eller brann i utmark utan at det har vore reell brann.

Med sommar og fint vær så høyrer grilling og bål med, når brannvesenet vedtek forbod så legg det naturleg nok ein dempar på kosen med å være ut i fint vær. Men brannvesenet har berre fått positive tilbakemeldingar, og me er imponert over kor flink folk har vore til å følge forbodet. Dette har heilt klart hindra skog- og utmarksbrannar. Me vil også takke alle som har meldt frå når dei har sett røyk eller brann, det har avverga fleire brannar som kunne vorte store. At folk er flinke til å melde frå fører naturleg nok også til ein del oppdrag utan at det er behov for innsats, men det er betre å ringe ein gong for mykje enn å ikkje melde frå.

Hallingdal brann- og redningsteneste iks

John Bjella
brannsjef

Hol brann- og feiervesen

Pål Bjerke
brannsjef

Kommunevis fordeling på oppdraga i terreng 1. mai til 1. august:

Kommune	Antall oppdrag
Hol	13
Ål	10
Gol	7
Hemsedal	3
Nes	15
Flå	12
Sum	60